

STERKT SOM DEG STOLTE  
FJELL

Nr. 3, OKTOBER 1977

# Truông Sơn

SKAL VI BYGGJE VENNSKAPEN

MELLOM VÅRE TO FOLK!



MEDLEMSBLAD FOR SOLKOM

# INNHOOLD TRUONG SON NR.3 1977.

|                                      |       |
|--------------------------------------|-------|
| SOLKOM I VIETNAM                     | S. 2  |
| USA FORNEKTER SEG IKKE               | S. 3  |
| FÅ OPP DAMPEN I VERVINGA!            | S. 4  |
| LANDSSTYREMØTE 1.OKTOBER             | S. 5  |
| SOLKOM DRAR TIL VIETNAM              | S. 5  |
| RØYNSLER FRÅ FV-SAL                  | S. 6  |
| RAPPORT FRA OSLO                     | S. 6  |
| UVÆR SKAPER VANSKER I VIETNAM.       | S. 7  |
| NARKOTIKA I SØRVIETNAM               | S. 8  |
| KAMPAR MELLOM KAMPUCHEA OG VIETNAM ? | S. 12 |
| 320 MILL. KR. TIL VIETNAM            | S. 13 |
| VIETNAM MEDLEM I FN                  | S. 15 |
| REDAKSJONELT:                        | S. 16 |

## ADRESSER:

TRUONG SON-REDAKSJONEN  
BOKS 2844, 7001 TRONDHEIM

SOLKOM/TRONDHEIM  
BOKS 2844, 7001 TRONDHEIM

SOLKOM. FOR VIETNAM  
URANIENBORGVEIEN 11, OSLO 3  
TLF.(02)60 41 07

POSTGIRONR. 20 83 13



# Solkom i VIETNAM

1. november drog ein delegasjon frå Solkom til Vietnam saman med to representantar frå "Vietnambevegelsen.

Dette er den første vennskapsreise Solkom har gjort til Vietnam etter frigjeringa i 1975. Reisa er dermed oppfyljinga av eit lenge etterlengta ønske i Solkom, nemleg å sjølve få reise til dette så vidkjende landet på den andre sida av jordkloten. Eit land som Solkomarar no i 12 år har brukt titusener av arbeidstimar på å spreie informasjon om. Stått på stand i sprengkulde om vinteren, pøssregn om hausten, site i seine nattetimar å mala parolar eller skrive plakatar. Ein har ofte spurt seg sjølv om kvifor ein gjer dette, og i desse dagane er det og mange andre som spør om det same. "Solkom ?, er ikkje krigen slutt?" Slike spørsmål møter ein stadig når ein no pratar med folk om Vietnam. Vennskapsarbeid er det tydeleg at dei ferraste har noko skikkeleg forståing for. Når ein så freistar forklare kvifor arbeidet Solkom driv i dag er av stor betydning er ikkje alltid entusiasmen heilt på topp. Vennskapsarbeid skal jo vere noko tosidig, og kva tykkjer eigentleg Vietnameserane om arbeidet vårt. Då Vinh og Quet vitja oss her i mai fortalde dei ved fleire høve at vennskapsarbeidet var viktig. Eit nytt døme på dette ser ein frå faksimilen under, den er henta frå Vietnam Courier juli i år. At Solkom vert nemnt i dette bladet syner at

## NORWAY

At a meeting in Oslo held on May 10, 1977, Ms. Liv Joergensen, Chairwoman of the Norwegian Committee of Solidarity with Viet Nam, called on Norwegians to actively help Viet Nam in national reconstruction. She handed the representative of the SRVN Embassy in Norway a sum of 40,000 kroner collected by her organization recently.

Vietnam set stor pris på arbeidet vi driv. Vietnam Courier vert nemleg skriven på fleire verdsspråk og lesen i land over heile verda. Det er å vone at slike impulsar frå Vietnam saman med vennskapsturen vår vil bli ein kraftig styrke for vennskapsarbeidet framover og at vennskapen med Vietnam kan knyttast sterkare enn no.

# • USA fornekter seg ikke •

I sommer vant det vietnamesiske folket en ny seier over USA-imperialismen. Da ble USA tvunget til å oppheve sitt veto mot Vietnam i FN. Etter all sannsynlighet kommer representanter for den Sosialistiske Republikken Vietnam til å ta sete i FN i midten av september. Nederlaget for USA er åpent og viser deres svakhet. Den amerikanske regjeringa har flere ganger tidligere sagt at det ikke kommer på tale at Vietnam skal ha sin rettmessige plass i verdensorganisasjonen. Når de nå har måttet fire, viser det Vietnams egen styrke i verdensopinionen og betydninga av det internasjonale presset mot USA.

Som unnskyldning for å nekte Vietnam sete i FN har USA brukt Paris-avtalen, som de hevder at Vietnam har brutt. Dette er løgn. Den som har brutt avtalen er USA sjøl. Amerikanske presidenter fra Nixon til Carter har sagt at vietnameserne ikke vil utlevere eller gi opplysninger om savnede amerikanere i Vietnam. Derfor kunne ikke USA stemme for Vietnam i FN, eller oppfylle forpliktelsene om å bidra til gjenoppbygginga.

Til dette er å si at de vietnamesiske myndighetene har strukket seg langt for å gi opplysninger om amerikanske krigsfanger. Ved flere anledninger har krigsfanger blitt utlevert til ledende amerikanske representanter, bl.a. kongressmannen Montgomery. Vietnam har hele tida stått på det sjølsagte kravet om at USA må holde sin del av avtalen - betale for krigsødeleggelser. I følge et brev fra presidenten i USA til statsminister Pham Van Dong av 1.februar 1973, beløper verdien av hjelpa seg til 3,25 milliarder dollars i tillegg til annen hjelp.

Vietnameserne har nå sett seg nødt til å offentliggjøre dette brevet fra Nixon, fordi amerikanerne sjøl bare vedkjenner seg deler av avtalen og i tillegg påstår at Parisavtalen "ikke gjelder lenger".

USA-imperialismen fornekter seg ikke. Det er viktig å propagandere dette sviket. Det avslører USA-imperialismen og viser nødvendigheten av å drive vennskapsarbeid med det frie Vietnam.

Liv J.

Narkotika... forts. fra side 11.

og innanlands. Dei franske styresmaktene tåk to fluger i ein smekk. På den eine sida heldt dei seg inne med dei etniske minoritetane og mata krigsbudsjetten deira; på den andre sida heldt deiden fortvila motstanden i Saigon-Chalon gjennom Binh Xuyen (2).

Dr. NGO VAN QUY.

1. cf. Information notes on the Opium Question. Customs and Excise Board, State of Vietnam, June 26 1953.

2. cf. Alfred M. Coy: The Politics of Heroin in Southeast Asia, Harper and Row, 1972.


NB! oversettinga står for TS-red. si rekning. Originakteksten står i Vietnam Courier nr.58, mars-77.

# År opp kampen i vervinga

Til nå i vervekampanja kan vi konstatere at vi har doblet medlemstallet fra 200 i fjor, og at vi har fått en medlemsstamme som vi skal bygge videre på. Likevel ligger vi fremdeles etter målsettinga.

Etter en god periode i starten av fase III gikk kampanja trått i sommer, og den har hittil ikke kommet godt nok i sig i høst. Vi har ikke klart å øke takta for å ta igjen målsettinga, og det betyr at vi må innse at vi ikke vil klare målet på å verve 600 medlemmer i år.

Pr. 1/10 ser bildet slik ut:



Det viser at Bergen igjen har rykka fra, mens Trondheim har tatt igjen Oslo og ligger hårfint foran.

Det er klart at kampanja ikke er noen full seier så lenge ikke målet er nådd. Det viser seg at fronten ikke har hatt nok entusiasme for oppgaven. Det har flere årsaker, men grunner seg først og fremst på den politiske forståelsen for oppgaven. Vi har ikke gjort det klart nok at Solkom's medlemmer er de eneste i dette landet som er sikra regelmessig informasjon om situasjonen i det fri Vietnam.

Gjennom For Vietnam og Truong Son får medlemmene det de kan bringe videre i diskusjoner og samtaler. Vennskapet med det vietnamesiske folket bygges gjennom kunnskap om Vietnam. Dessuten er medlemskontingenten den økonomiske ryggraden i fronten som sikrer at vi kan gi ut informasjon.

De andre feilene i vervekampanja - av teknisk og organisatorisk art - kan føres tilbake til mangelen på politisk forståelse for viktigheten av å verve.

Landsstyret i Solkom har satt en ny målsetting fram til 1/1-78. Denne målsettinga vil bringe Solkom over 300 nye medlemmer i år på landsbasis. Bergen har klart sin del av målet, og har stilt seg et nytt og høyere mål. Oslo ligger side om side og kjemper for å klare sin del først. Erfaringene viser at sjøl om det er vanskeligere å verve medlemmer nå enn før 1975- da krigen ennå raste - så er det alt annet enn umulig! Det krever mer diskusjon, men når vi kaster oss inn i diskusjonene så kommer resultatene!

Et nytt og godt FV er nettopp ferdig. Spredninga av det er den beste måten å vise at Solkom lever, og at vennskapet mellom det norske og det vietnamesiske folket bygges. Bruk FV aktivt for å verve medlemmer. Vær med å sikre en god innsjutt i vervekampanja!

Verveansvarlig

# Landsstyremøte 1. Oktober

Solkoms landsstyre hadde møte i Oslo 1.oktober. Landsstyret oppsummerte vervekampanja, vi diskuterte situasjonen i Vietnam og oppsummerte For Vietnam-arbeidet. Vi diskuterte også kommande landsmøte.

Landsstyret kom fram til at verve-kampanja har betydd et skritt framover for Solkom, sjøl om vi ikke har oppfylt målsettinga. Kampanja har ført til at vi har verva langt flere medlemmer enn vi ellers vill gjort, og organisasjonen er derfor styrka. Svakhetene i kampanja har vært at den i perioder har mangla en fast ledelse.

Sjøl om målsettinga ikke er oppfylt, vedtok landsstyret at vi skal ha For Vietnam som hovedoppgave fra årets slutt. For Vietnam er vårt viktigste bindeledd til Vietnam-verner i Norge. Med et fritt og uavhengig Vietnam, vil det være vår viktigste oppgave å spre propaganda. Blad-arbeidet har gått tilbake som en følge av vervekampanja, og dette er noe vi for all del må rette opp. Bladet blir svært godt mottatt, og gjennom å legge hovedkreftene i det, vil vi gjøre det enda bedre. Landsstyret vedtok å ha et nytt møte i januar, der vi skal fastsette når neste landsmøte skal være. Til det skal det legges fram en beretning om arbeidet i dette året. Landsstyret mener vi ikke trenger noe landsmøte for å vedta ny hovedoppgave. Gruppene bør diskutere det og si sin mening til LS på grunnlag av de diskusjonene LS-representantene vil legge

opp til.

LS-arbeidsutvalget har fått i oppgave å legge opp til en grundig diskusjon av frontens økonomi, for å styrke denne.

Dette er i korte trekk det viktigste landsstyret diskuterte. Møtet var svært bra, og vi håper medlemmene vil se resultatene av det framover.

## SOLKOM DRAR TIL VIETNAM

30.oktober drar to representanter fra Solkom og to fra Vietnambevegelsen i Norge til Vietnam.

Vi er invitert som en norsk vennskaps-delegasjon av den vietnamesiske fredskomiteen i Hanoi.

Dette er en enestående anledning for fronten til å få førstehåndskjennskap til det frie Vietnam. Det er også et uttrykk for den taknemligheten det vietnamesiske folket har overfor alle som har støttet dem i kampen mot USA-imperialismen for et fritt og uavhengig Vietnam.

Delegasjonen skal være i Vietnam i 8 dager, og vil få anledning til å reise over hele landet.

Vi er svært glade for denne invitasjonen, og vil gjøre vårt beste for å knytte enda sterkere bånd til det vietnamesiske folket under besøket.

# RØYNSLER FRÅ FV-SAL

På landsstyremøtet 1. oktober var det full semje om "For Vietnam" som hovudoppgåve etter jul.

I tida fram til då må vi grundig søke etter alle røynslele som vert gjort i samband med FV-sal. Å selje FV er noko ulikt tidlegare. Det heng sjølvstakt saman med endringa i stoda i Vietnam: Frå å vere hovudsak i opinionen og det politiske arbeidet her til lands er Vietnam blitt ei bisak.

Ovanfor dei næraste venene, dei som kjenner Solkom godt, er interessa spontan for nye nr. av FV. Men ovanfor folk flest slike som vi treff i bustadområda og på gata krev salet grundigare metodar:

1. Nemn litt om oss sjølv. "12.årg. av FV". Vi som kjempa mot amerikane si krigføring".
2. Få fram folk sine egne syn. Ta opp feilaktige synspunkt på ein skikkeleg måte, polemiser og moraliser ikkje før du har lagt fram fakta.
3. Ver konkret i påvisninga av kontrasten mellom USA-imperialismen sitt Sør-Vietnam og Vietnam no. Til dømes; Kvinna si stilling, Prostitusjon, Kriminalitet, Folkestyret, osv.
4. Nytt av å lære av eksempelet Vietnam. T.d. korleis kunne eit så lite folk slå krigsmaskina til USA ?  
All den direkte løgna som vart og enno vert spreidd, jfr. Penta-gonrapporten.
5. Rett dei konkrete eksempla inn på ein artikkel i bladet du sel.

Eg har prøvd både å selje "automatisk og rutinemessig" og meir politisk mobiliserande å la punkta ov-anfor. I det første høvet var responsen frå folk skuffande. I det andre høvet bra diskusjonar på tre-djekvar dør og bra sal. Sjølv fekk eg att trua på folk. Jamvel ein som hadde vore sivil flygar i Vietnam under krigen, var positiv og gjekk sin veg med eit FV under armen

etter ein prat vi sikkert begge hadde utbytte av.

Punkta over må sjølvstakt ikkje sjåast på som eit slavisk sjema, men førebels er dette hovudpunkta i røynsla mi.

Fritt fram med andre meiningar og røynsler.

Arve/Trondheim

## RAPPORT FRA OSLO

Her kommer et forsøk på en kort oppsummering av arbeidet i Oslo i fase 3. Fase 3 er den fasen som varer fra 1.april til 1.august. Sommerferien er jo midt i denne fasen og vi må slå fast at den markerte en stor forandring i jobbinga. Før sommerferien jobba vi veldig bra. Vi gikk mye i DNS (til de stengte for ferien), vi verva i demonstrasjoner og på offentlige møter og vi solgte mye FV.

Mye av årsaken til at vi jobba bra var at FV var helt nytt og både lett og morsomt å selge. Planlegginga var god og vi glemte ikke å verve. Verving gikk først og vi oppsummerte alltid vervinga. Så etter ferien og fram til LS (Landsstyremøte) jobba gruppa mye dårligere. Planlegginga svikta og dermed gikk flere åpne møter og demonstrasjoner, som jo er der vi verver og selger mest, oss hus forbi. Dessuten trur jeg at flere av oss ikke syntes det var så gøy å selge et For Vietnam som begynte å bli gammelt. Vi hadde jo også kommet godt i gang etter ferien med å skrive artikler til det nye nummeret.

OPPSUMMERING: Vi jobba bra i første del av fase 3. I siste del av fase 3 gikk arbeidet tyn-gre. En viktig grunn til det er at organiseringa og planlegginga

forts. side 14

# Uvær skaper vansker i Vietnam

Denne artikkelen er eit fritt samandrag av leiarartikkelen i Vietnam Courier (VC) nr. 60 1977 som tek føre seg matproduksjonen i Vietnam.

Like etter jula 1976 vart nordlege Vietnam råka av ei langvarig og ekstrem kuldebølgje. Samstundes vart sør råka av ein tørkeperiode. Dette medførte at avlingane i heile Vietnam til no er blitt mykje lågare enn fastsett i 5-årsplanen.

Den fjerde partikongressen vedtok ein resolusjon som oppfordrar heile folket om å anstrenge seg til det ytterste for å løyse matproblema i Vietnam fort og på ein tilfredsstillande måte.

Tidlegare er det slått fast at matproduksjonen skal danne basis for industrien i Vietnam. Før ein kjem dit har ein enno mykje å gjere. Alt for lite jordareal er kultivert i Vietnam. Der er i dag ca. 1 mål dyrka jord på kvar av dei 50 mill. innbuarane. Til samanlikning har Polen ca. 10 mål, og Norge ca. 2,9 mål jordbruksareal pr. innbuar.

Sjølv om Vietnam i neste 10-årsperiode greier å auke jordbruksarealet med 20 mill. mål vil landet likevel ligge svært lågt pro capita (pr. hovud) i verds målestokk.

Vietnam har eit dårleg grunnlag å starte frå. Krigen trekte store mengder arbeidskraft og pengar bort frå jordbruket. USAs tepp bombing medførte store skader på jorda både pga. dei mange bombe-kratera og ved forgiftning. Dessutan vart sør gjort heilt avhengig av mat utanfrå.

Dei rikaste jordbruksområda, deltaene, er ille plaga av flaum. Ein manglar store mengder kunstgjødsel og mekaniske hjelpemidler til å kunne drive eit effektivt kultiveringsarbeid.

Som eit resultat av alt dette har ikkje Vietnam vore sjølvberga med mat på mange år, dette gjeld både nord og sør. Såleis lyt ein i dag lita på import.

Målet er å dyrke 21 mill. tonn mat i 1980 på eit jordbruksareal på 60 mill. mål. Ein vil auke rasjonaliseringa, mekaniseringa og bruken av kunstgjødsel. Dette saman med grøfting, dikebygging for å hindre flaum vil føre fram til målet.

Men det kan bli hardt, noko som dei uheldige værtilhøva i år syner. Ein lyt difor no satse på meir hardføre planter slik som til dømes poteter, kasava og mais ved sidan av risen.

"Det er all grunn til å tru at vi vil greie å dyrke mat nok både til å ete oss mette og til lagring i tilfelle nye uværperiodar. Jordbruket kan og ventast å spele ein viktig rolle i kapitalakkumulasjonen til industrialisering", sluttar leiarartikkelen i VC.



# NARKOTIKA I SØRVIETNAM

TRUONG SON BRINGER HER DEN FØRSTE AV TO ARTIKLAR OM NARKOTIKAHANDELEN I INDOKINA OG SØRVIETNAM. NARKOTIKA I FORM AV OPIUM VART TRULEG FØRT TIL VIETNAM VIA KINESISKE HANDELSREISANDE EIN GONG PÅ 1800-TALET OG VART SIDAN UTNYTTA AV FRANKMENNENE TIL Å SKAFFE SEG STORE INNTEKTER PÅ DENNE SKITNE GESJEFTEN. DEI TO ARTIKLANE VI BRINGER OM NARKOTIKA I INDOKINA OG SØR-VIETNAM ER HENTA FRÅ VIETNAM COURIER. DEN FØRSTE HANDLAR OM OPIUM-HANDELEN UNDER FRANKMENNENE, DEN ANDRE ARTIKKELEN SOM KJEM I NESTE NR AV TRUONG SON VIL TA FØRE SEG USA-IMPERIALISTANE SIN BRUK AV NARKOTIKA FOR Å TENE SINE PROFITT-INTERESSER.

Mellom dei sosiale problema som USAs nykolonialisme skapte i Sør-Vietnam er narkotikaproblemet eit av dei største. Narkotikamisbruket vart kalla ei "landeplage" av Saigonpressa under okkupasjonen, og framleis er ein halv million (det lågaste overslaget) - mest unge menneskje - avhengig av narkotika trass i sterke mottiltak frå styresmaktene etter krigen.

Offentleg tilsette tok ikkje openlyst del i narkotikahandelen.

Imidlertid var dei gjennom marinen og flyvåpenet i kontakt med hovudsentra for den internasjonale narkotikahandelen. Det var ein "Anti-narkotika Komite" nedsett av presidenten i Sør-Vietnam og dei militære provinsjefane som i realiteten trekte ittrådane til grossistane og detaljistane i denne forbudte gesjeften. Washington endra berre nokre detaljar og tok så opp att den franske opiumpolitikken.

## Opium under Fransk kolonistyre

Når og korleis vart opiumbruken introdusert i Viet Nam? Det er vanskeleg å svare på dette avdi ein ikkje har noko avgjerande opplysningar å byggje på. Det synest som om det var kinesiske immigrantar på 1700-talet i Sør som spredde vanen med opiumrøyking. Imidlertid var det svært få innfødde som tok etter denne vanen før den franske erobringa; berre nokre få Vietnamese og Kampucheaner i tillegg til nokre handfulle Kinneser som handla opium med frama mande reisande. Ettersom dei sistnemde laut betale store avgifter til den føydale administrasjonen, var mengda tilgjengeleg narkotika neglisjerbar.

Så snart dei franske kolonialistane hadde vunne kontrollen over landet såg dei kva gullgruve ei skikkeleg organisering av narkotikahandelen innebar.

I 1861 fekk to franskmenn monopol på denne handelen mot å betale ein årleg royalty på 92 000 piastre, ein stor sum på den tida.

Tiltrekte av lettvinnt forteneeste byrgja desse to å smugle. Verksem-

da vart oppdaga, undersøkt og til slutt stansa. Monopolet vart så i 1864 overgitt til ei gruppe kineserar frå Kanton-provinsen. Deira "Wang Tay Company" gjorde fort lukke medan andre narkotikahalar, såg på dei med stor misunning.

Fukien-kineserane tok over og foreslo for koloniadministrasjonen at den oppretta filialer i alle vi viktige t tstadar for eiga rekning. Ved sidan av ein kinesisk leiars, hadde kvar filial ein kvalifisert franskmann til å drøfte med styresmaktene og med myndighet til å innkalle væpna styrkar for å slå ned på smugling. Desse var forløparane til dei notoriske "kunde-offiserane".

Denne situasjonen varte heilt til 1881. I mellomtida hadde kineserane funne ut at rivalisering berre skadde dei sjølve så dei vart samde med franskmennene om å forhandle om nedsetting av royaltien. Dette passa ikkje administrasjonen og systemet vart brakt til ein slutt.

På eit ekstraordinært møte, innkalla av Guvernør Le Myre de Villers, befalte Kolonikonsulatet i

Cochinchina administrasjonen å ta over narkotikamonopolet (1). Denne avgjerda vart stadfesta ved eit dekret frå Guvernøren i mai 1881. Mot slutten av året fekk innflytelsesrike kineserar lov å sette opp ein opiumsfabrikk i Saigon. Her vart valmuefrø etter eit tjuetals raffineringssprossar omgjort til røkbart opium. Denne teknikken vart nytta i nesten hundre år heilt til slutten av den Franske okkupasjonen. Seinare Spredde monopolet til administrasjonen seg til heile Indokina med spesielle reguleringar for dei einskilte regionane (Tonkin, Annam, Cochinchina, Kampuchea, Laos), og den finansielle sida vart delt på dei ulike budsjetta.

Alt dette vart avskaffa av Generalguvernøren for Indokina og i 1903 - 1904 vart heile narkotikahandelen samla i eitt organ ansvarleg for dyrking av valmuen, kjøp, framstilling av opium og salg, både direkte til dei lokale brukarane og til eksport. Det vart oppretta eit "KUNDE RÅD" saman med eit "Opium-avgift-kontor". Initiativane til dette "R.O" (Regie Opium) vart det uttrykte symbol for koloniseringa av folket vårt.

Opiumbuler spratt opp som sopp overalt, og antal røykarar auka med rakettfart.

Tabellen under syner mengda opium selt til røykarar frå 1900 til, 1909 i heile Indokina (offisiell statistikk)

| ÅR   | MENGDE SELT (KG) |
|------|------------------|
| 1900 | 106 989          |
| 1901 | 113 901          |
| 1902 | 112 731          |
| 1903 | 129 740          |
| 1904 | 120 411          |
| 1905 | 107 464          |
| 1906 | 93 242           |
| 1907 | 115 712          |
| 1908 | 110 021          |
| 1909 | 110 193          |

Desse tala avspeglar sjølvstykke ikkje alle realitetane. Faktisk

var produksjonen av opium i Laos og øvre Tonkin for liten til å tilfredsstille førespurnadane frå kundane og narkotika laut innførast frå India og Yunnan. (I følgje M. W. Lichtenfelder ved avgiftskontoret for landbruk og handel i Indokina). Den importerte opiumen vart selt til ublu prisar, frå 2,73 til 4,31 piastre pr boks á 37 gram og noko mindre i Annam og Tonkin. Ris kosta mindre enn 3 piastre pr. 100 kg på den tida.

Inntektene frå opiumsalet kom opp i 7 mill. piastre av eit føydalbudsjett på 27 mill. i 1902 (8,1 mill. piastre av eit budsjet på 32 mill. i 1905). Opiumhandelen betalte såleis heile 25% av dei offentlege utgiftene.

Etter initiativ frå den internasjonale Opium-kommisjonen vart ein internasjonal konferanse samankalt i Shanghai i tida 1-27 febr. 1909. Føremålet med denne konferansen var å styrke samarbeidet landa imellom for å betre kontrollen med opiumhandelen og dei farlege følgjene av denne.

Bilaterale avtaler var alt under teikna, men ingen regjeringar var villige til å setje desse ut i livet. Å avskaffe opium-handelen ville medføre ein reduksjon på 40% i nasjonalinntekta.

Kolonialadministrasjonen i Indokina syntest å ha etterkomne desse avtalane då den utga ein rapport nokre år seinare som syntest noko lågare tal for opiumsalet enn tidlegare.

| ÅR   | MENGDE SELT (KG) |
|------|------------------|
| 1910 | 77 741           |
| 1911 | 62 728           |
| 1912 | 67 564           |
| 1913 | 69 429           |
| 1914 | 72 842           |
| 1915 | 75 491           |

Imidlertid syntest 1ste verdskrigen at dette berre var ei humanitær maske. Mengda omsett opium steig til rekordhøgder.

|      |         |
|------|---------|
| 1916 | 136 300 |
| 1917 | 113 641 |
| 1918 | 114 700 |



Narkotikamisbruk var eit av dei mange problema vietnamkrigen førte med seg. I dag vert dei omlag 500 000 narkomane freista helbreda. Det føregår i spesielle sentra for narkomane. Biletet over er henta frå eit slikt senter i Ho Chi Minhs by, og syner her ein klasse som lærer om elektrisitet. Instruktør er Tran Quang Man.



Produktivt arbeid er ei stor hjelp i den smertefulle attføringstida.

Nye konferansar om Opium følgde etter Shanghai: Haag 1911, 1912 og 1914. Paris 1919, Geneve 1924 og 1939. Ingen av desse konferansane fekk noka virkning i praksis.

Kan hende det var for å hjelpe desse konferansane at General Guvernateret for Indokina kom med eit dekret 18. oktober 1921 om å stenge alle "opium-buler" medan brukarane fritt fekk nyte sitt opium. Dekretet gav administrasjonen monopol på å kjøpe og selge narkotika til dei avhengige. For å redusere antal "opium-slavar" vart prisen på opium sett opp bed eit nytt dekret. Regjeringa sopa inn pengar: Opiumsalet gav 144 mill. piastre i profitt i 1940. Etter 1935 førte innvandring av kinesiske flyktningar og den Sino-japanske konflikten til ei enorm auke i salet av opium.

Dette profitable systemet vart perfektjonert ytterligare i løpet av 2.dre verdskrigen under admiral Decoux: Han innførte rasjoneringskort for røykarar i 1942. Så i 1943-44 vart rasjonane minskt og ulovlege opiumsbuler vart stengde saman med hundrevis av meir tvilsame offentlege buler. Dette førte til krav frå Den franske komiteen for nasjonal frigjering av Algerie om å forby opium i alle franske koloniar i fjerne austen. Decoux-administrasjonen tenkte på framtida då dei fortsette å fylle "kiste tene". Den let som om den var oppteken av farene ved spredning av opium - sette i verk undersøkingar om handelen og konkluderte så mad at alle tiltak for å stanse opiumomsetnaden var svært ineffektive.

Berre eit lita antal opium-brukarar hadde rasjoneringskort. Ingen hadde redusert dosen pr. dag, den vil som alle veit heller auke enn minke. Topp-smuglarane og bakkemennene kunne vere rolege for avgjerdene til regjeringa - dei ville ikkje minske profitten deira.

Fattige opium-brukarar vart nøyd-detil å blande erstatningar slik som "dross" (opium-rest i pipa etter røyking) inn i rasjonane sine.

I følge offisielle statistikkar var konsumet av opium i Indokina 215 kg "lovleg" opium pluss 850 kg smugla opium i månaden, ca 13 tonn i året. Dette latterleg låge offisielle talet beit ingen på

I 1944 såg byrået for opiumsomsättning dagens lys. Det vart oppretta for å kontrollere opiumproduksjonen i heile Indokina. Den var særleg konsentrert i Laos og øvre Tonkin. Delar av produksjoneneeksportert og gav gode inntekter. Krigen mogeleggjorde ei tøyleslaus smugling. Den franske gjenerobringa etter august-revolusjonen førte til at det heile starta på nytt i den okkuperte sona. Admiral d'Aranglieu, den franske høgkommisær, såg ut til å ville sette Algerie-resolusjonen ut i livet. 12. juni 1946 vart det gitt ordrar om forbod mot fritt sal av opium, han avskaffa monopollet til "Kunde Rådet" og proklamerte stenging av alle opiumsutsala. Sanitetsoffiserar fekk autoritet til å drive avvenningskurs og legar fekk lov til å gje pasientane sine opium på respt medan dei var i avvenningsperioden. Det som hende var at klinikkane, som fekk opium til offisielle prisar, vart omvandla til opiumutsal og opiumbuler idet dei selde opiumet ut att til profitable prisar, alt fullstendig lovleg. Opiumsmuglinga auka og det same gjorde antal "opium-slavar".

18. mai 1948 kom eit nytt dekret frå Høg-kommisæren som endra situasjonen noko ved midlertidig å legalisere opium-røyking før det endelige forbodet. Dette kom i form av ei lov datert 3. september 1948, og stadfesta ved eit dekret av 8. oktobersame året. Kvantumet opium utlagt til sal vart minkt med 20% kvart år (frå årskiftet 1944-45) og innan 5 år (1. jan 1954) ville administrasjonen avslutte alt sal av opium. Til den tida kunne opiumrøykarar få tilfredsstillende opiumungeren sin ustraffa.

Den illusoriske og demagogiske karakteren av dette tiltaket er openberr. Indokinakrigen som rasta kravde pengar og den illegale opiumtrafikken utgjorde ei vesentleg innkome. Dette forklarar den "Machiavelliske" planen som vart sett ut i livet bak ein skjerm av "totalt forbod", kodenemnt "Kampanje X". Valmuedyrking vart oppmuntra i fjellområda og opiumproduksjonen slopa inn profitt til Binh Xu gjen-gen (ein pro-fransk bande som trekte i trådane i Saigon - Cholon) som kontrollerte salet både til eksport

# Kampar mellom Kampuchea og Vietnam ?

I dei siste vekene har norske aviser gong på gong hevda at det har føregått kampar på grensa mellom Vietnam og Kampuchea. Ingen av desse meldingane er enno stadfesta og kjeldene er som oftast svært tvilsame. I regelen kjem dei frå Thailandsk hald eller frå anonyme kjelder.

At slike kampar skal ha føregått med panservogner og fly mellom Vietnam og Kampuchea virker svært usannsynleg. Frigjeringsrørslene i Vietnam og Kampuchea var heilt sidan 1951 allierte i kampen mot imperialismaktene USA og Frankrike. Det har alltid herska eit nært og varmt samarbeid mellom desse to nabolanda.

No kan ein sjølvsagt ikkje sjå bort i frå at det kan vere usemje om kor grensene går sume stader. Noko anna er ikkje å vente i eit område som Indokina kor kolonimakter meir eller mindre har kunna flytta grensene som det høvde dei best. Når det gjeld løysing av grensetvister held imidlertid både Vietnam og Kampuchea på prinsippet om at det skal foregå ved fredelige drøftingar.

Nyleg utvida Vietnam fiskerigrensa og oppretta ei økonomisk sone på 200 nautiske mil. I erklæringa som vart offentleggjort om dette 12. mai i år heiter det i artikkel 7: "SRVNs regjering vil kome til løysingar med nabolanda om utvidinga av den økonomiske sone gjennom drøftingar på basis av gjensidig respekt for sjølvstende og suverenitet i tråd med internasjonal lov og praksis".

Då Pham Van Dong vitja Frankrike i mai vart han intervjuva av Le Monde og spurt om korleis tilhøva var til nabolanda og om kva problem som hadde oppstått. Pham Van Dong svara då: "

"Landa som vi har felles grenser med er alle broderland, og med desse har vi eit betre broderleg samband enn nokon gong"

I grunnlova til Kampuchea som vart vedteke i april 1975 heiter det om utanrikspolitikken:

"Demokratisk Kampuchea er fast bestemt på å opprettholde nære vennskapssamband med alle tilgrensende land og med alle land i verden, på et strengt grunnlag av gjensidig respekt for suverenitet og territorial integritet."

Desse sitata skulle seie ein del om korleis ein førebels lyt sjå på alle avisskriveria i det siste. Vi kjenner alle til korleis løgner har vore spreidd før om dei tre frigjeringsrørslene i Indokina og korleis det no pågår ein intens hetskampanje mot både Kampuchea og Vietnam. Den siste verkeleg grove løgna om Vietnam var påstandane i januar i år frå Thailand om at Vietnam planla angrep på Thailand i februar. I siste nr. av For Vietnam er omtalt ein artikkel i Aftenposten 21. august som spelar på dei store etterkrigsvanskane Vietnam har å stri med. Ein freistar her gje dei nye styresmaktene skulda for at det no er rasjoning på ei rekke matvarer i Vietnam. I EXTRA (bladet til unge høgre) av november 1976 får ein svar på kvifor det er rasjoning. Det skuldast ikkje at ein har mangel på mat, Vietnam er jo kjent som Asias spiskammer, nei grunnen er at dei sender maten til Kina for å betale for alle våpna dei fekk under krigen.

Alle desse ryktene, løgnene og vrengebileta er meint å skulle sà tvil om at sigeren til FNL verkeleg var ein siger for folket og må sjåast på som ein lekk i USAs etterkrigstaktikk for å styrke grepet om dei allierte dei enno har att i Sør-østasia. (Thailand, Indonesia, Malaysia, Philippinene og Taiwan). Ein måte å greie dette på er å skremme folket frå å stø frigjeringsrørslene i desse landa ved å spreie kommunismethets og framsille dei tre frigjorte landa i Indo-

forts. side 14...

# 320 mill kr til Vietnam

FLUGTINGANE MELLOM NORGE OG VIETNAM SOM FØR TIL I VAR OM NORSK BISTAND TIL VIETNAM OG OM OPPRETNING AV ØKONOMISK OG INDUSTRIELT SAMARBEID ER NO SLUTTFØRTE SÅ NÆR SOM AVTALER OM NORSK HJELP PÅ OLJESSEKTOREN. TRUONG SON BRAKTE I NR.1/77

ETT SAMMENHENG AV LANGTIDSPÅNENING FOR BISTANDSPROGRAMMET. NO KAN VI BRINGE MEIR DETALJER OM DESSE PLANANE OG DESSUTAN TEKSTEN TIL AVTALEN OM INDUSTRIELT OG ØKONOMISK SAMKVEM. INTERESSERTE KAN FÅ AVTALETEKSTEN VED Å KONTAKTE TS.

## BISTANDSPROGRAMMET

Som tidlegare nemnt skal den norske bistanden til Vietnam vere på 60 mill. kroner årleg fram til 1981. Mesteparten av desse pengane skal gå til utvikling av fiskerisenteret HA LONG samt bygging av to fiskerifartyg.

9.mars i år vart havforskningsfartyget R/V BIENDONG offisielt overlevert til Vietnam. To andre fartyg skal leverast frå norske verft innan utgangen av 1977. Det eine er eit 32 meter trålerfartyg som skal tene som prototyp for ein serie på 5 trålarar. Desse skal byggjast ved Ben Kien-verftet i Vietnam.

Det andre fartyget er ein 32 m tråler/snurper som skal nyttast i opplæringsføremål.

Andre planar er utbetring av eksisterande fiskemottakstasjon, molo for lastning og lossing og bygging av ein verkstad for fiskerireidskaper ved senteret (HA LONG).

Konsulentarbeidet skal gjerast av eit norsk firma.

Avtalen seier og at Norge skal stille til rådvelde ein sum på 17, 5 mill norske kroner på gåvevilkår til Vietnam.

Av andre hjelpetiltak kan nemnast at Norge vil yte 20 mill. kr til oppretting av eit rehabiliteringssenter for krigsinvalider i Vietnam. I desse dagar er ein vietnamesisk ekspertdelegasjon i Norge for å setje seg inn i norske attføringsinstitusjonar.

Norge vil og yte 50 mill kr til opplæring av vietnamesisk personell på oljesektoren. Avtalen om dette vil vere ferdig om kort tid.

Ansvar for gjennomføringa av planen er frå norsk side pålagt NORAD (Norsk direktorat for utviklingshjelp). Direktoratet for sjøprodukter og "Techno-Import" ved utenrikshandelsministeriet skal ivareta Vietnams interesser ved gjennomføring av avtalen.

AVTALE VEDRØRANDE ØKONOMISK, INDUSTRIELT, TEKNISK OG KOMMERSELT SAMARBEID MELLOM DEN SOSIALISTISKE REPUBLIKK VIETNAM OG KONGERIKET NORGE.

Når det gjeld denne avtalen så vart den undertekna 3.juni i år under Pham Van Dong si vitjing i Norge. Då avtaleteksten er noko lang bringer Truong Son her i utdrag nokre av dei viktigaste prinsipielle artiklane.

Den sosialistiske republikk Vietnams regjering og kongeriket Norges regjering,

I betraktning av de oppmuntrende resultater som er oppnådd på forskjellige områder innen de økonomiske forbindelser mellom de to land,

Som ønsker ytterligere å styrke de vennskapelige forbindelser mellom de to land, å fremme økonomisk, industrielt og teknisk samarbeid og utvikle handelsforbindelsene mellom de to land på basis av respekt for prinsippene for uavhengighet, likeverdighet og gjensidig fordel, (understreka av redaksjonen.) er blitt enig om følgende:

fortsettes neste side.

ARTIKKEL 1

Den Sosialistiske republikken Vietnams regjering og Kongeriket Norges regjering forplikter seg til å legge forholdene til rette for konsolidering og utvidelse av langsiktig økonomisk, industrielt teknisk og handelsmessig samarbeid og å støtte den videre utvikling av de økonomiske forbindelser mellom de to land.

ARTIKKEL 2

Organisasjoner, foretak, selskaper og andre interesserte parter i de to land skal forhandle med hverandre med sikte på å oppnå enighet om former, modaliteter og betingelser for samarbeid innenfor rammen av denne Avtale i samsvar med hvert lands lover og forskrifter.

ARTIKKEL 5

Gjennomføringen av denne avtale vil bli utført av en blandet kommisjon. Den Blandede Kommisjon skal utgjøres av medlemmer oppnevnt av Den Sosialistiske Republikken Vietnams regjering og kongeriket Norges regjering. Den Blandede Kommisjon skal normalt komme sammen en gang i året, vekselvis i Hanoi og Oslo.

ARTIKKEL 7

Denne Avtale trer i kraft på undertegningsdatoen og for et tidrom på 10 år.

Seks måneder før denne avtales opphør, skal de to parter avtale nødvendige tiltak for å sikre fortsettelsen av økonomisk, industrielt, teknisk og handelsmessig samarbeid mellom de to land.

Denne Avtale kan til enhver tid bringes til opphør på anmodning av og etter meddelelse derom fra en av de to parter, idet dens opphørtrer i kraft 6 måneder etter meddelelsens dato.

Denne Avtales opphør berører ikke det fastsatte arbeid med gjennomføringen av allerede inngåtte overenskomster mellom organisasjoner og foretak i de to land.

Oslo 3. juni 1977.

Dei artiklane som ikkje er tekne med seier ikkje noko meir enn det som står i dei siterte utdraga når det gjeld dei reint prinsipielle sidene. Dei tek føre seg meir detaljerte sider ved sjølve gjennomføringa av avtalen.

Som ein ser tek denne avtalen stort sett føre seg prinsippa som eit økonomisk og industrielt samkvem mellom Norge og Vietnam skal føregå etter. Dei meir konkrete prosjekta skal TS freiste følgje opp etter kvart slik vi til no har gjort det.

Oslorapport... forts. frå s.6

svikta. Dette har vi nå tatt tiltak på. Fram til jul har vi planlagt 3 aksjonskvelder i DNS der vi har laget målsettinger på verving og salg av FV. Vi har også planlagt hushesøk. En i gruppa er ansvarlig for å ta grep om demonstrasjoner og åpne møter. Vi i Oslo er helt sikre på at vi vil nå målsettinga vår i vervekampanja og at FV-salget vil ta seg kraftig opp!

Oslo/ T.

Kampar mellom.... forts. frå side 12

kina som beinharde umenneskelege diktaturer.

Det er viktig at vi i Solkom følgjer nøye med i kva som no vert skriven om Indokina og at vi set dette i samband med USAs stilling i Asia og verda elles. Vi må vere vakne og svare på alle grove og løgnaktige åtak på Vietnam. Dette er ei av dei viktigaste oppgåvene våre som vennskapsorganisasjon.

OBP.

# Vietnam medlem i FN

20. september vart Vietnam medlem av FN saman med den tidlegare franske kolonien Djibouti. Med desse to nye medlemslanda har FN i alt 149 medlemmer.

Det at Vietnam no er blitt medlem i FN må sjåast på som ein stor siger for ei rettferdig sak.

Heilt sidan 1975 har Vietnam søkt om å verte medlem, men gong etter gong har USA nytta sitt veto og hindra Vietnam medlemsskap. Denne fientlege haldninga frå USA har vore ledd i den generelle etterkrigspolitikken USA har ført ovanfor Vietnam. Ein politikk som har gått ut på å isolere Vietnam og som har freista kriminalisere dei nye styresmaktene. Av andre tiltak USA har gjort gjeldande kan nemnast ein total handels- og økonomisk boikott og at dei nekta å oppfylle lovnadane i Paris-avtalens paragraf 21 om å betale krigsskadeerstatning. Grunngevinga har heile tida vore at "Vietnam har nekta å gje opplysningar om sakna amerikanske soldatar i Nord-Vietnam (AMI, americans missing in action) og at den noverande amerikanske regjeringa ikkje kan sjå seg bunden av lovnader gjeven av Nixon-administrasjonen."

Denne arrogante haldninga er ikkje anna enn grotesk når ein tenkjer på kva øydeleggingar USA si barbariske krigføring har påført Vietnam. Dessutan ser ein og her eit nytt døme på at avtalar med ei imperialismakt knapt er verd papiret dei er skrivne på dersom avtalane syner seg å gå imot interessene til imperialistane. USA freistar no trekkje seg unna ansvaret dei påla seg sjølve i Parisavtalen ved nærast å seie at den ikkje lenger kan stå ved lag, i alle høve nyttar dei denne argumentasjonen når ein kjem inn på artikkel 21.

Men då den amerikanske presidentkommisjonen leda av Leonard Woodcock var i Hanoi, laut dei vedgå at dersom paragraf 21 ikkje skulle gjelde lenger kunne dei heller ikkje kreve at artik-

el 8b om leiting etter sakna amerikanarar (AMI) skulle stå ved lag.

Faktum er at Vietnam så langt dei har funne det rådeleg har gjeve opplysningar om AMI utan at USA har synt teikn til å oppfylle sine lovnader. Slik stoda er no er det difor heilt opp til USA å avgjere om dei ønskjer meir informasjon om AMI. Kravet er at dei stadfester paragraf 21 i Parisavtalen og oppfyller Nixon sine lovnader om å betale 3,25 mill dollar i erstaning (brev av 1/2-73).

USAs FN-veto mot Vietnam er eit godt eksempel på korleis ei stormakt kan misbruke FN-medlemskapen sin til å fremje sine egne snevre interesser. USAs grunngeving har i det heile ingen heimel i FN sine statuttar. Vietnam har heilt sidan det vart samla oppfylt alle krava FN stiller til eit medlemsland, noko som eit fleirtal i tryggjingsrådet og FNs hovudforsamling heile tida har hevda.

Dette at USA no etter 4 veto har gått med på å gje Vietnam sete i FN tyder på at USA no føler seg så isolert i si steile haldning at det kan true interessene deira andre stader i verda. Ein kan heller ikkje sjå bort i frå presset frå det amerikanske folket om å få vite meir om sine sakna slektningar i Vietnam. Dette kan og ha spela ei viss rolle. At eit slikt press eksisterer fekk ein prov på tidlegare i år då regjeringa i USA la fram forslag om å innstille leitinga etter AMI, det førde straks til ei brei protestbølgje og forslaget vart trekt.

USAs nederlag i å hindre Vietnam FN-medlemskap er òg eit prov på at tredje verdas kamp for sjølstende no er komen inn i ei ny fase med veldig framgong, og kor særleg USA-imperialismen er på vikande front. Eit anna særleg gledelig trekk er at folket i USA og står på dei undertrykte folka si side. Motstanden i USA mot vietnamkrigen var svært stor og var utvilsamt ein faktor USA-imperialistane etter kvart laut ta omsyn

til og som kosta leinga i det k-vito hus mykje hovudbry.

At opinionen i USA er eit problem for USA-imperialismen finn ein prov for i den nye strategien Pentagon no følgjer. Den går mellom anna ut på i tilfelle eit nytt "Vietnam" å innskrenke dei borgarleg-demokratiske rettane med mellom anna sensur og kriminalisering av visse former for antikrigs-opinior i USA.

Det er ikkje å undre seg over at USA vill hindre Vietnam i å verte medlem av FN. Vietnam har synt noko som alle veit, noko som vekkjer frykt hos imperialistane men glede og oppmuntring mellom dei undertrykte i verda, nemleg at berre når heile folket slår seg saman og dreg i same lei er det mogeleg å slå imperialismen. Vietnam har 35 års krigserfaring mot imperialismen. Dei kjenner dei aller fleste metodane som vert nytta for å hindre eit folk i å frigjere seg frå imperialistisk utbytting. Desse røynsle- ne vil i hendene på organisasjon- er som PLO, PAC, EPLF osv. sakte men sikkert rive maktgrunnlaget bort frå imperialistane og om ikkje alt for mange år føre til den fullstendige frigjeringa av den tredje verda. Dominoteorien har såleis framleis sin livsrett. Det er nesten ein skjebnens ironi at nettopp Vietnamkrigen der USA ville sette ein stoppar for domino-verkanden (les: frigjeringa av den tredje verda) slik Eisenhower framla den i 1954, er blitt den viktigaste sporen til revolusjon i verda i dag.

Ove. -

Noter. Om USAs nye strategi sjå FNL i Norge nr.2 1976 side 3.

PLO - Palestinas frigjeringsorganisasjon.

PAC - Panafricanist Congress (Azania)

EPLF- Eritrean Peoples Liberation front.

## REDAKSJONELT :

Ja no sit du med eit nytt nr av TS i handa - det tredje i år. Diverre er vi denne gongen òg seinare enn planlagt. Dette skuldast i hovudsak at LS-møtet vart utsett frå ca 15. sept. til 1 oktober, og at ein del viktige innlegg ikkje kom oss i hende før etter 10.oktober. Men om vi kjem seint vonar vi å komme godt. Bladet er som ein ser etterkvart blitt delt i to delar - ein Solkom-del og ein Vietnam-del.

Slik stoda er no har vi svært mykje stoff til "Vietnam-delen", ja så mykje at vi lyt kutte ein del stoff som ellers er interessant nok. Det vi saknar er fleire innlegg frå solkommedlemmer. Det er ei svært skrivelat medlemsmasse solkom etterkvart har fått ser det ut til. No tykkjer TS-redaksjonen at det er på tide medlemmene skur hetta av pennen, tek fram eit eller anna "ubeskrevet blad" og lufter sine solidaritetstankar og vennskapstankar slik at og andre i dette landet kan få vite kva som rører seg rundt omkring. Skal Truong Son bli eit verkeleg godt blad som tenner vennskapsarbeidet og medlemmene i Solkom sine interesser må medlemmene skrike ut, kome med forslag osv. Det må vere klart for alle at 300 idear er meir skapande ein ein liten redaksjonsstab i Trondheim.

Neste TS, nr.4 1977 kjem ut omlag 15.desember. Det vil seie at det går i trykken 10. desember og at stoff må vere oss i hende innan 25.november. Dette inneber at du lyt setje deg ned med det same å skrive.

I neste nr. vil vi freiste få med ein totalvurdering av Solkom sitt arbeid i 1977, og ein stutt rapport frå delegasjonen vår til Vietnam. Av anna stoff kan nemnast resten av artikkelen om "Narkotika i Vietnam" og eit intervju med Pham Van Dong som Le Monde hadde med han då han vitja Frankrike her i mai.

ALTSÅ: NESTE TRUONG SON KJEM 15.Des STOFFRIST 25. November.

med helsing TS-red.

